

Volda kommune,
Stormyra 2,
6100 Volda

13.03.2020

postmottak@volda.kommune.no

Merknader til framlegg til offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan for Bjørkedalen, gnr 91, bnr 2, m.fl.

Syner til at Volda kommune har vedtatt å leggja framlegg til detaljregulering for nevnte sak ut på offentlig ettersyn.

Vi har følgjande merknader:

1. Området kan ikkje byggjast ut i samsvar med framlagt plan. Omsøkt område har god jord som tidlegare har vore dyrka og som greit kan dyrkast opp att, samt areal som er godt beite.
2. Planen må tilpassast slik at nevnte dyrkbare areal kan sjåast i samanheng med og utnyttast saman med tilgrensande dyrkbart og dyrka areal.
3. Dersom det skulle bli utbygging i større eller mindre grad har vi i tillegg følgjande merknader:
 - 3.1. Det må sikrast god og tilfredsstillande handtering av jorda både i anleggsfasen, i samband med mellomlagring og ikkje minst for etterbruk av jorda. Det må sikrast at jord som blir flytta blir brukt til matproduksjon og at den ikkje blir blanda med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Jorda skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal.
 - 3.2. I reguleringsføresegnene må det takast inn krav til samordna og heilskapleg jordhandtering som sikrar ivaretaking av jord som kan vera eigna til matproduksjon. Krav må vera i samsvar med retningslinjer gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs». Det må leggjast fram ein plan som sikrar god handtering av jorda under anleggsperioden og som viser korleis mellomlagring og etterbruken skal vera. Jfr. pkt 3.1. Plan må godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen.
 - 3.3. Det må sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan og krav til jordhandtering. Det må også klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført. Også dette må forankrast i plan nevnt i pkt 3.2.

Våre merknader er basert på følgjande:

4. Stortinget vedtok i 2015 *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

5. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
6. Området er i dag i hovudsak sett av til LNF-område. Vi saknar vurdering og konsekvens av at delar av omsøkt område er registrert som Kjerneområde landbruk, med areal godt egna for landbruksproduksjon.
7. Gjennom KOSTRA sin statistikk kjem det fram at Volda kommune gjennom ei årrekke har vore blant kommunane i fylket med mest omdisponering av dyrka jord. Dette kan ikkje halda fram.
8. Behandling av plan bør utsetjast i påvente av ny arealdel av kommuneplanen.
9. Statistikk frå Statens Landbruksforvaltning (basert på søknader om produksjonstilskot) viser at jordbruksareal i drift er redusert med meir enn 500 da i Volda i løpet av dei siste 10 åra. Dersom omsøkt plan blir godkjent slik den no ligg føre er dette eit dårleg signal i forhold til vilje til tilrettelegging for matproduksjon.
10. Fylkesmannen sitt «Forventningsbrev» til kommunane av 20.2.2020 viser m.a. særleg til kommunane sitt ansvar for oppfølging av nasjonal jordvernstrategi, jordlova og driveplikt, samt handtering av jordmassar. Dette er sentrale element i våre merknader, som alle bør vera gode argument for at omsøkt plan ikkje kan godkjennast slik den no ligg føre.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen